

**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

H.Sandvik AS  
Att. Helge Sandvik  
Sandvikavegen 330  
5915 HJELMÅS

<b>Dykkar ref.</b>	<b>Sakshandsamar:</b> Ingrid Bjørge Pedersen
<b>Vår ref.</b> 2013/3533 - 0 - 28960/2013	<b>Telefon</b>
<b>Arkivkode:</b> 177/64	<b>Dato:</b> 23.12.2013

Delegert sak

## Løyve til fjellsprenning og planering på gbnr 177/64 Nesse

### Delegasjonssak:

Kommunen gjev løyve til etablering av fjellsprenning og planering i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 18.11.2013, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Kommunen gjev dispensasjon frå kommuneplanens føresegn 1.1 vedkomande krav til reguleringsplan, jf pbl § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel) jf § 19-2.

### Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Før bruksløyve kan gjevast, må avkjørsel, veg og hovudleidning for vass- og avlaupsanlegg vera opparbeidd, jf. pbl § 18-1.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

### Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
H.Sandvik AS	S	SØK Ansvarleg søkjer tiltaksklasse 1 PRO utearealer og landskapsutforming tiltaksklasse 1 UTF grunnarbeid og landskapsutforming tiltaksklasse 1

\* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

### Søknaden

Søknaden gjeld sprenning og planering av et areale på eksisterande næringstomt. Det er ikkje etablert reguleringsplan for tomte, og ansvarleg søkjer har søkt om dispensasjon i frå dette kravet. Vurdering av dispensasjonsøknad er gjort under avsnitt «Dispensasjonar».

## Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

## Plangrunnlag

Eigedomen vert omfatta av kommuneplan for Lindås Kommune for vedtatt 22.09.2011.

Tomta er sett av til fiskenæring.

## Plassering og høgdeplassering

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar.

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

## Dispensasjonar

Det er eit føresetnad for å kunne gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 at omsyna bak reglane det vert dispensert frå ikkje blir vesentleg sett til sides. Dei ulike reglane i planer har som oftast blitt til gjennom ein omfattande vedtaksprosess. Det skal derfor ikkje vera ei kurant sak å fråvika desse, også for at planen sitt hovudføremål som overordna informasjons- og vedtaksgrunnlag ikkje skal undergravast. Fordelane ved å gje dispensasjon må vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf § 19-2 andre ledd. Det vil normalt ikkje vera høve til å gje dispensasjon når omsyna bak reglane det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke.

Det er søkt om dispensasjon frå utarbeiding av reguleringsplan.

Føresegnet skal sikre forsvarleg utbygging av alle typer eigedomer i kommunen. Den skal primært sikre nye eigedomer forsvarleg etablering og sikre at alle berørte partar vert ivarettatt i prosessen. Omsøkte tomt har hatt næringsverksamhet i lang tid, og er godt etablert.

Administrasjonen presiser at dersom det vart søkt om større endring eller utviding av denne verksemheten ville det umiddelbart vert opna opp for krav om reguleringsplan. Men omsøkte tiltak vurderast som kun mindre utbygging, og vil kunne vurderast som unntak i frå reguleringsplanskravet.

Plan- og bygningsstyresmaktene finn på dette grunnlag at vilkåra for dispensasjon i pbl § 19-2 er oppfylt. Søknad om dispensasjon vert godkjent.

## Oppsummering og konklusjon

Administrasjonen finn med dette å kunne godkjenne søknad om sprenging og planering i samsvar med innsendte teikningar, kart og skildring.

## Gebyr

Søknadsppliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
C.4.1 Dispensasjon frå ei enkel føresegn gitt i eller i medhald av Pbl	1	7.500
C.5.2p Vesentleg terrenginngrep	1	9.600
C.5.32 Godkjenning av ansvarsrett med sentral godkjenning	1	1.000
C.1.1 Bruk av kartbasis	1	500
Totalt gebyr å betala		18.600

**Klagerett.**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

Kopi til:

Nesfossen smolt AS   Nesfossen   5956   HUNDVIN